

# PROGRAM FOR **LUSTER SENTERPARTI 2019 – 2023**



## KOMMUNEVALET 2019



## GRUNNSYN

Senterpartiet byggjer politikken sin på dei kristne grunnverdiane, den nasjonale arven, eit levande folkestyre og ei berekraftig utvikling. Senterpartiet vil vidareutvikla eit livskraftig samfunn i Luster kommune og syta for at alle bygder i kommunen er gode plassar å bu for fastbuande og tilflyttande.

## VÅR POLITIKK 2019 – 2023

Senterpartiet har som mål å skapa eit samfunn der tryggleik, rettferd og likestilling er berande prinsipp, men òg der den einskilde kan få større fridom og ansvar.

Senterpartiet ser med uro på dei sterke sentraliseringsskretene i samfunnet og statlege reformer som legg opp til auka sentralisering. Senterpartiet vil arbeida for ei desentralisert samfunnsutvikling både lokalt og i høve til sentrale styresmakter.

Senterpartiet vil arbeide for at Luster framleis skal vere ein sjølvstendig kommune. Kommunesamanslåing kan føra til ei svekking av bygdene i Luster samt innverknaden som innbyggjarane i dag har på lokalpolitikken.

Senterpartiet ser positivt på eit godt interkommunalt samarbeid og vil arbeida aktivt for å styrkja og utvikla Indre Sogn som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, både gjennom næringsetableringer og tilførsel av fleire offentlege arbeidsplassar. Det er viktig at det særleg vert jobba med å halde på dei offentlege arbeidsplassane på Leikanger.

Eit sterkt Gaupne er viktig for bygdene i heile Luster kommune. Vert Gaupne svekka, er det stor fare for at funksjonar her vert flytte ut av kommunen. Senterpartiet vil styrkja Gaupne som ein attraktiv tettstad med eit godt utval av bustader, og som kommunesenter med flest mogleg offentlege og private funksjonar. Gaupne må utviklast vidare som ein stad der det er godt å bu og arbeida, og med eit breitt tilbod av fritidsaktivitetar.

Senterpartiet vil oppretthalda og utvikla eit berekraftig distriktsamfunn. Senterpartiet seier nei til EU-medlemskap.

Senterpartiet vil føra ein ansvarleg økonomisk politikk som sikrar eit størst mogleg framtidig økonomisk handlingsrom og best mogeleg tenester for innbyggjarane. Ein moderat eigedomskatt vil inntil vidare vere naudsynt for å nå desse måla, men vil vere under konstant vurdering.

Difor vil Senterpartiet:

## SKULE OG BARNEHAGE

- arbeida for best mogeleg skuletilbod i kommunen.
- halda på noverande skulestruktur så lenge det er pedagogisk forsvarleg.
- halda oppe gode økonomiske rammeføresetnader for skulen og sikra god stabilitet og rekruttering av godt personell.
- styrkja PPT.
- arbeida for å stø opp om Sogndal vidaregåande skule og utvikla dei viktige fagmiljøa der.
- arbeida for god skuleskyss til elevane i grunnskulen og den vidaregåande skulen slik at elevar kan bu heime lengst mogeleg.
- arbeida for å halda oppe reell full barnehagedekning og eit godt barnehage- og SFO-tilbod i alle delar av kommunen.
- arbeide for ei god permanent løysing for å sikre full barnehagedekning i Gaupne og på Hafslo.
- sjå på mogelegheiter for å innføre varm mat i skulen.



## BORN OG UNGDOM

- leggja til rette for eit breitt og rimeleg tilbod til alle born og ungdom i heile kommunen, som til dømes fotball, handball, ski, friidrett, hestesport, skyting, symjing, treningscenter, musikk, dans, teater, ungdomslag, 4H og ungdomsklubbar.
- leggja til rette for lågterskeltilbod i nærmiljøa som gjer det enkelt for born og ungdom å driva med fysisk aktivitet og å treffast. Dette er viktig både for trivsel og folkehelse.
- økonomi skal ikkje vere eit hinder for at born og unge skal kunne delta på fritidsaktivitetar.
- arbeida for eit meir fleksibelt gratis/billeg skysstilbod for ungdom slik at det blir enklare å delta på fritidsaktivitetar.
- styrka lagsarbeid for born og ungdom.
- leggja til rette for ei vidare utvikling av løypenetettet og heilstilbodet i Sogn skisenter.
- stø opp om idrettsaktivitetar i heile kommunen.
- realisera vedtekne planar for motorkrossbane i Luster, gjennom kjøp av grunn og forskottering av spelemidlar.
- leggja til rette for eit aktivt Ungdomens kommunestyre og stimulera ungdom til politisk deltaking og samfunnsengasjement.
- halde oppe kommunen sitt tilbod om sommarjobb for 16–17 åringer.
- stimulera til at bedrifter i Luster tek inn fleire lærlingar.
- arbeida for ein god kulturskule for heile Luster med eit desentralisert tilbod.
- styrkja helsestasjonen og sikra gode førebyggjande tilbod innafor psykisk helse for born og unge.



## **HELSE/OMSORG**

- at alle som treng omsorg, pleie og hjelp skal vera trygge på å få det.
- Satse på velferdsteknologi slik at fleire hjelpetrengande skal få bu heime så lenge som råd.
- halda på eiga legevakt i Luster.
- sikra ei sterk interkommunal barnevernsteneste som yter rask hjelp til born som treng det.
- styrkja det førebyggjande helsearbeidet.
- styrkja det psykiske helsearbeidet.
- arbeida for at kommunen sjølv tek hand om flest mogleg av helsetenestene som kommunane får overført gjennom samhandlingsreforma.
- arbeida for å oppretthalde og styrka eksisterande tilbod ved Lærdal sjukehus.
- stø opp om og vidareutvikla «Inn på tunet»-prosjekt.
- vidareutvikla tilboden for menneske med nedsette funksjonsevner i kommunen.
- sikra eit godt tilbod for brukarane av Grandmo busenter i Gaupne.
- å arbeida i helse/omsorg i Luster skal vere attraktivt og kommunen skal legge stor vekt på trekke til seg kvalifisert arbeidskraft.
- legge til rette for at pårørande utan moglegheiter for eigen transport kan besøke brukarar på institusjonar.
- arbeide for at friskhuset vert ein god førebygging, rehabilitering og ikkje minst ein sosial møtestad.

## **RUSPOLITIKK**

- styrkja for- og ettervern og arbeida for at yngre rusmisbrukarar får rask hjelp.
- styrkja førebyggjande og haldningsskapande tiltak.
- stø opp om kontrollen med omsetnaden av rusmiddel i kommunen.
- sökja samarbeid med m.a. politiet i førebyggande innsats i rusproblematikken.

## TOMTE OG BUSTADPOLITIKK

Tomte- og bustadpolitikken er viktig for å oppretthalda busetnaden i heile kommunen vår. Det er ei overordna målsetting at folk i Luster kan bu der dei vil, og Senterpartiet vil stimulera til auka busetnad og tilflytting i heile kommunen. Det er ei utfordring at svært mange hus og gardsbruk står tomme eller vert nytta til feriehus.



### Difor vil Senterpartiet:

- arbeida for auka tilflytting til kommunen, og for at minst ein av fire tilflyttarar buset seg utanfor tettstadene i kommunen.
- syta for byggjeklare bustadomter i heile kommunen også i framtida.
- arbeida for meir målretta hyttebygging i kommunen.
- handheva buplikta strengt og konsekvent, og arbeida for å forsvara buplikta på nasjonalt plan.
- halda oppe tilbodet av gjennomgangsbustader i kommunen.
- driva ein sosial bustadpolitikk som tek omsyn til vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- innføre tilskot på bustadbygging for å stimulere til at fleire unge (opp til 35 år) etablerer seg i Luster.

## MILJØ OG ENERGI

Miljø- og klimaspørsmålet er av dei viktigaste politiske sakene no og i framtida. Den brattlendte brekommunen Luster er mellom dei som vil bli hardt råka av globale klimaendringar, og miljø- og klimautfordringane må takast meir med i det politiske arbeidet i kommunen. Kraftverka i kommunen produserer svært mykje rein energi for storsamfunnet, men har òg ført med seg store inngrep i naturen.

### Difor vil Senterpartiet:

- ha fleire ladestasjonar for el-bil i fleire delar av kommunen.
- legge om delar av bilparken til kommunen til el-bilar.
- leggja vekt på omsynet til natur og reiseliv når vasskraftutbyggingar i kommunen skal vurderast.
- at berørte bygdesamfunn bør kompenseras ved framtidige større kraftutbyggingar.
- arbeide fram ein ny, forpliktande og ambisiøs klimaplan for Luster kommune.
- gjere det lettare å velje å gå eller sykle i tettstadane våre.
- legge til rette slik at nye miljøsparande tiltak vert prøvd ut. Døme kan vere el-traktor?



## LANDBRUKSPOLITIKK

Luster kommune treng landbruket som eit stabilt grunnlag for sysselsetting og busetnad. Senterpartiet er ein pådrivar for ein aktiv distrikts- og landbrukspolitikk også på riksplanet.

Eit sterkt landbruk er avgjerande for Luster si framtid.

### Difor vil Senterpartiet:

- oppretthalda det kommunale stønadsnivået i jordbruket (td. kjøp av mjølkekvotar, bærproduksjon, dyrlegeordninga).
- auka tilskotet til yngre som overtek gardsbruk til kr 100 000.
- stimulera til alternative driftsformer og etablering av tiltak som til dømes «Inn på tunet», gardsturisme og lokal foredling av jordbruksvarer.
- stø opp om skogbruket i Luster.
- arbeida for sterkare lokal styring i rovdyrforvaltninga. Kommunen må også føra ei tøffare og meir aktiv line mot staten i rovdyrforvaltninga.
- at ynglande rovdyr og rovdyr som tek beitedyr skal vekk frå Lustrafjella. Grensa mellom rovviltnregion 1 og 3 som går i Jotunheimen og Breheimen, må flyttast nord til Ottadalføret for å hindra ynglingar tett opptil grensa.
- stø opp om det fylkeskommunale jaktlaget for uttak av rovvilt fram til staten tek ansvar.
- stø opp om gode miljøtiltak i landbruket.
- arbeide for eit sterkt jordvern.

## NÆRINGSLIV OG ARBEIDSLIV

Det varierte næringslivet er ein styrke for Luster kommune og avgjerande for ei positiv folketalsutvikling og aktiviteten i kommunen. Nye arbeidsplassar i kommunen er eit satsingsområde for Senterpartiet.

### Difor vil Senterpartiet:

- at næringsfondet skal brukast til næringstiltak som skapar aktivitet i kommunen eller som kjem kommunen til nytte.
- styrkja etablerte bedrifter med lån og tilskot til bedriftsutvikling.
- leggja til rette for kompetansearbeidsplassar og næringsfellesskap fleire stader i kommunen.
- gje heile næringslivet inkludert landbruket tilbod om rimeleg straum av konsesjonskrafta.

- arbeida for å halda oppe dei statlege arbeidsplassane i Luster og arbeida for nye offentlege arbeidsplassar til Indre Sogn.
- vurdera behovet for kommunale næringsbygg fleire stader i kommunen.
- syta for næringstromter der det er behov for det i kommunen.
- at kommunen skal stø opp om det lokale næringslivet og strekkja seg langt for å gjera innkjøp lokalt, både i kommunesenteret og ute i dei mange bygdene i Luster.
- at kommunen tek godt imot arbeidsinnvandrarar og flyktningar gjennom integrering i arbeidsliv, skule og lokalsamfunn, og god norskopplæring (på nynorsk).

## KULTUR OG IDRETT

Kulturen vår er avgjerande for den einskilde sin identitet, livskvalitet, skaparevne og trivsel. Eit levande kulturliv er òg med og sikrar busetnaden og er såleis viktig i eit distriktpolitisk perspektiv. Luster Senterparti vil gje det frivillige kulturarbeidet gode arbeidsvilkår.

### Difor vil Senterpartiet:

- stø opp om lokale møteplassar.
- arbeida for å sikra og spreia lokalhistorie og lokalkunnskap frå lustrabygdene.
- støtta drifta av idrettsanlegg og sikra drifta av symjebassenga i Jostedalen og på Skjolden.
- sikra løyvingane til private forsamlingslokale i heile kommunen der det er aktivitet.
- sikra løyvingane til kulturføremål.
- gje kyrkje og kristenliv best mogleg arbeidsvilkår.
- stø aktivt opp om nynorsken i Luster.
- stø opp om idrettsanlegg og skiløyper i fleire delar av kommunen.
- realisera vedtekne planar for motorkrossbane i Luster, gjennom kjøp av grunn og forskottering av spelemidlar.
- løfte fram den rike kulturarven i Luster på ein betre måte.
- arbeide for å realisere verdsarvsenter på Ornes.
- vurdere moglegheitene for fleir brukshall på Hafslo.



## SAMFERDSLE OG KOMMUNIKASJON

Senterpartiet krev trygg veg til alle i Luster. Eit godt utbygt vegnett i og gjennom kommunen er naudsynt for å skapa gode vilkår for fastbuande og reisande. Vegan, god mobildekning og raskt breiband er eit av vilkåra for å oppretthalda busetnaden og for utvikling av næringslivet.

### Difor vil Senterpartiet:

- arbeida for tunnel under Sognefjellet frå Fortun til Lom og Årdal.
- arbeida for bru Fodnes–Mannheller
- arbeida for betre vegstandard, vedlikehald og brøyting på kommunale vegar.
- sikra god framkomst, også på private vegar til eldre og pleietrengande.
- gje vedlikehaldstilskot til private vegar.
- sikra dei «mjuke trafikkantane» med gangfelt, undergang, fortau og gateleys.
- vurdera å gje eit tilbod om kommunal skuleskyss på strekningar der små skuleborn må gå langs vegar med stor trafikk. Ein trygg skuleveg er svært viktig.
- arbeida for trygge og rassikre vegar i kommunen.
- arbeida for vidare utbetring av Fv 55 Nes–Fortun med gul stripe heile vegen.
- arbeida for utbetring Skjolden–Ornes med omsyn til auka busstrafikk frå reiselivsnæringa som t.d. cruisebåtane på Skjolden.
- arbeida for å oppretthalda det offentlege rutetilbodet.
- sikra drifta av ferja Solvorn–Ornes.
- arbeida for betre regularitet og nattstasjonert fly på Haukåsen.
- arbeida for at alle husstandar i kommunen skal ha god mobildekning og breiband.  
God mobildekning er også viktig langs vegane våre. Det må byggjast ut fiber til flest mogleg husstandar og verksemder i kommunen, og best mogleg alternative løysingar der det er føremålstenleg.
- vera ein pådrivar for å oppretthalda gode posttenester.
- arbeida for at det framleis skal vera drivstofftilbod ute i bygdene våre.
- arbeide for fleire gang- og sykkelstiar i kommunen.

## REISELIV

Luster er eit av verdas vakraste reisemål. Luster har store urørte fjellområde og eit flott kulturlandskap langs fjorden og i dalane. Luster Senterparti ynskjer å styrkja satsinga på vedlikehald og restaurering av kulturlandskap og bygningar med kulturell verdi.



### Difor vil Senterpartiet:

- stø opp om det etablerte reiselivet i Luster.
- gje tilskot til utviklinga av nye nisjar og tilbod innan reiselivsnæringa, som vintereturisme.
- styrkja marknadsføringa av kommunen og dei ulike attraksjonane gjennom «Visit Sognefjord»
- arbeida for betre tilrettelegging på dei mest populære reiselivsmåla i kommunen.
- at kommunen skal vera ein aktiv støttespelar for vidareutvikling av Sogn Skisenter og området på Heggmyrane.
- arbeide for realisering av stolhei på Heggmyrane.
- arbeida for å ta vare på kulturlandskapet og dei flotte bygdene våre gjennom busetnad og aktiv drift på alle gardsbruk.
- stimulera til tiltak mot attgroing.

## KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Kommunen er den største arbeidsgjevaren i Luster, og dei tilsette skal takast vare på gjennom god personalpolitikk. Senterpartiet ser det som viktig at tilsette i kommunen skal trivast på arbeid, og ein bør unngå uønskt deltid, mellombelse stillingar og uheldige turnusordningar. Gjennom eit godt og trygt arbeidsmiljø yter dei tilsette best service til innbyggjarane i kommunen. Arbeide for fleire heiltidsstillingar, og gode arbeidsvilkår. Særleg innan pleie og omsorg og oppvekst må ein sikre god rekruttering av kvalifisert arbeidskraft. Luster kommune må vere konkuransedyktig på løn og arbeidsvilkår for å vere attraktive i høve nabokommunane.

## LEVANDE FOLKESTYRE

Senterpartiet sine politikarar vil vera eit aktivt kontaktledd mellom innbyggjarar og folkevalde. Demokrati og demokratiske tradisjonar vert bygde opp nedanfrå. Det er innbyggjarane og dei politiske partia som skal setja dagsorden for den politiske debatten i kommunen. Senterpartiet ynskjer openheit i dei politiske prosessane.



# Luster Senterparti



1. Ivar Kvalen,  
Hafslo



2. Marit Aakre  
Tennø, Jostedal



3. Per Steinar  
Sviggum, Gaupne



4. Marianne Bugge,  
Ornes



5. Knut Hauge,  
Marifjøra



6. Anja Irene  
Hilleren-Fåberg,  
Veitastrond



7. Grethe Kristin  
Leirdal, Gaupne



8. Oddmund  
Løkensgard Hoel,  
Jostedal



9. Ann Kristin Sperle,  
Nes



10. Andreas Wollnick  
Wiese, Skjolden



11. Tom Idar Kvam,  
Hafslo



12. Ole Martin  
Bakken, Skjolden



13. Maria Søhoel,  
Solvorn



14. Jørgen Lomheim  
Tang, Hafslo



15. Johannes Hauge,  
Skjolden



# KANDIDATAR 2019



16. Charlotte Alme  
Bringe, Luster



17. Olav Høyheim  
Einan, Hafslo



18. Hilde Skogstad  
Øvreås, Skjolden



19. Trygve Lerum,  
Sørheim



20. Per Arne Mykle-  
myr, Myklemyr



21. Trine Neset  
Skjerdal, Nes



22. Thomas Arne  
Skjerven, Hafslo



23. Anne Grethe  
Leirdal, Nes



24. Gøril Urdahl,  
Luster



25. Per Tore Molland,  
Marifjøra



26. Elin Anette  
Hillestad, Hafslo



27. Anne Lise  
Haukadal, Kroken



28. Emma Nyløy,  
Fortun



29. Kine Gjertrud  
Svori, Jostedal



30. Per Høyheim  
Høyheimsvik



31. Per Birger  
Lomheim, Hafslo

# Luster Senterparti

## Kommunevallista 2019, framhald

	Namn	Adresse
1	Ivar Kvalen	Hafslo
2	Marit Aakre Tennø	Jostedal
3	Per Steinar Svingum	Gaupne
4	Marianne Bugge	Ornes
5	Knut Hauge	Marifjøra
6	Anja Irene Hilleren-Fåberg	Veitastrond
7	Grethe Kristin Leirdal	Gaupne
8	Oddmund Løkensgard Hoel	Jostedal
9	Ann Kristin Sperle	Nes
10	Andreas Wollnick Wiese	Skjolden
11	Tom Idar Kvam	Hafslo
12	Ole Martin Bakken	Skjolden
13	Maria Søhoel	Solvorn
14	Jørgen Lomheim Tang	Hafslo
15	Johannes Hauge	Skjolden
16	Charlotte Alme Bringe	Luster
17	Olav Høyheim Einan	Hafslo
18	Hilde Skogstad Øvreås	Skjolden
19	Trygve Lerum	Sørheim
20	Per Arne Myklemyr	Myklemyr
21	Trine Neset Skjerdal	Nes
22	Thomas Arne Skjerven	Hafslo
23	Anne Grethe Leirdal	Nes
24	Gøril Urdahl	Luster
25	Per Tore Molland	Marifjøra
26	Elin Anette Hillestad	Hafslo
27	Anne Lise Haukadal	Kroken
28	Emma Nyløy	Fortun
29	Kine Gjertrud Svori	Jostedal
30	Per Høyheim	Høyheimsvik
31	Per Birger Lomheim	Hafslo

**Kontakt Luster Senterparti:** v/Knut Hauge  
E-post: knuthauge@gmail.com • Tlf. 906 97 026  
[www.Senterpartiet.no](http://www.Senterpartiet.no)

